



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|-------------------------------------|------|------------|
| 81/2019 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet | PS | 25.11.2019 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|--------|------------|
| Kenneth Stokke | FE-151 | 18/1034 |

RENOVASJONGEBYR 2020

Vedlegg:

Pristabell renovasjonsgebyr Vaksdal kommune 2020
Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.

2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2020 settes opp med 1,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Dette vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2020.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i medhald til vedlagte prismatrise.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 81/2019

FPØ - Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Heidi Rongved er ugild i medhald av fvl § 6 e) punkt 2.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek at BIR Privat AS vert delegert fullmakt til fakturering og innkreving av renovasjonsgebyret på vegne av Vaksdal kommune, jfr § 12 i Forskrift om håndtering av avfall fra husholdning. Avfallsgebyret tilhører Vaksdal kommune.

2. Prisen på renovasjonstjenesten for 2020 settes opp med 1,0%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert uendra.

Kommunalt påslag settes til kr 0,- for 2020.

Vaksdal kommune vedtar avfallsgebyr i medhald til vedlagte prismatrise.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka/Formelt grunnlag

Gjennom Forureiningslova er kommunane pålagt eit ansvar for at innsamling av hushaldningsavfall frå private husstandar og hytter skjer på ein forsvarleg måte. Kommunane avgjer sjølv korleis dette skal skje. Vaksdal kommune delegerer på same måte som dei øvrige eigarkommunane denne oppgåva til BIR AS som igjen har delegert den til BIR Privat AS.

Alle eigarkommunane i BIR AS, handsama og vedtok ny «Forskrift om handtering av avfall frå hushald» i 2013. Vaksdal kommunestyre vedtok forskrifta KS-sak 32/13, den 30.09.2013. Ny forskrift tok til å gjelde frå 01.03.2014. Forskrifta er heimla i «Forureiningslova», §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83, og 85.

Forskrifta sin § 12 omhandlar: «Delegert mynde til å fatte einskildvedtak m.m.» «Mynde til å fatte einskildvedtak etter denne forskrifta er delegert frå kommunen til BIR med heimel i forureiningslova § 83 andre ledd. Kommunen si oppgåve med å krevje inn gebyret kan delegarast til BIR.»

Budsjettet i BIR Privat AS byggjer på sjølvkostprinsippet. Det rekneskapsmessige resultat for selskapet skal avsetjast mot eit sjølvkostfond. BIR Privat AS skal over ein femårsperiode styrast mot eit nullresultat.

Med bakgrunn i at BIR skal ha lik pris på likt tenestetilbod er det viktig at alle våre eigarkommunar vedtar like prisar. Styret i BIR Privat AS har vedteke budsjett for 2020 og prisane på lovpålagte tenesteleveransar for 2020.

Forureiningslova §34 fastsett at det er kommunen som skal fastsette renovasjonsgebyret. BIR Privat AS fastsett pris for tenesteleveransen. Styret har vedteke at prisane på fakturerbare gebyrtenester skal setjast opp med 1,0 % for 2020. For gjenvinningstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon vert prisane uendra. Eventuelt kommunalt påslag/deponiavgift skal den enkelte kommune fastsette.

Gebyrmodellen i Bergen var i 2019 basert på årleg betaling av «Renovasjon grunnpris» per bueining. I dei 8 andre kommunane vart det betalt basert på «Restavfall minimumsgebyr» som vart berekna ut frå volum per spann. For kundar med større spann, har dette medført ein ubalanse i renovasjonsgebyret for omeignskommunane sammenlikna med Bergen. Fra 2020 vert det innført «Renovasjon grunnpris» per bueining i alle kommunar. Endringa vil føre til lik berekning av renovasjonsgebyr per bueining, uavhengig av renovasjonsløsning og størrelse på spann. For kundar som har eige 140 liters spann, medfører det inga endring i renovasjonsgebyret, mens det for kundar med 240 eller 6601 beholder vert det ein auka med henholdsvis kr 229,77 og kr 135,22 per bueining per år.

Vurdering og konsekvensar

BIR Privat AS skal arbeide for eit best mogeleg tenestetilbod til konkurransedyktig pris.

Eigarkommunane har sett krav om at selskapet skal ha ei føreseieleg prisutvikling. Dette meiner BIR

Privat AS er oppfyldt i inneverende budsjett.

I tillegg til gebyr for innsamling og handtering av avfallet, skal kommunen syta for inndecking av etterdrifts- og kapitalkostnader ved den nedlagte avfallsplassen i Geitabotn. For 2020 vert det kommunale påslaget kr 0,- . Påslaget skal haldast uendra i 3år for å tømme fondet på renovasjon.

Det vert elles vist til budsjettvedlegg. Av vedlegget «Pristabell renovasjonsgebyr 2020 Vaksdal kommune» (Pristabell 2020), går det fram kva dei enkelte teneste kostar.

Framlegg til vedtak er likelydande i alle eigarkommunane.